



24 FEB 2014

DET KONGELIGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Justis- og beredskapsdepartementet

Tidl. ref.
13/7865-VB

Vår ref.
2013/03060-5/FD II 4/TBT

Dato

19 FEB 2014

FORSVARSDEPARTEMENTETS HØYRINGSSVAR TIL BRANNSTUDIEN

Forsvarsdepartementet (FD) viser til Justis- og beredskapsdepartementets (JD) brev av 13. desember 2013, der rapporten frå arbeidsgruppa som har vurdert organisering og ressursbruk i brann- og redningsvesenet blir sendt på høyring.

Rapporten omhandlar i hovudsak det kommunale brann- og redningsvesenet. Forsvaret er i liten grad omtalt i rapporten, og tilrådingane frå arbeidsgruppa synest ikkje å få vesentlege direkte konsekvensar for Forsvarets rolle i brann- og redningsberedskapen.

Rapporten omtalar ulike samarbeidspartnarar for det kommunale brann- og redningsvesenet i kapittel 3.4 *Noen sentrale samvirke- og samarbeidsaktører*. Vi meiner det hadde vore naturleg at også Forsvaret fekk ein eigen omtale her sidan Forsvaret kan vere ein viktig aktør ved større brannar.

Forsvarets roller er i denne samanheng i hovudsak slik:

1. Forsvaret skal bidra i den offentlege redningstenesta med tilgjengelege relevante kapasitetar for å redde menneske frå død eller skade som følge av ulykkes- eller faresituasjonar. Det gjeld eit særskilt samvirkeprinsipp for redningstenesta som medfører plikt til å stille opp og til å dekke egne utgifter. Forsvaret er også driftsoperatør for redningshelikoptera, med JD som fagleg og budsjett-messig ansvarleg.
2. Forsvaret kan på førespurnad yte bistand til politiet og andre offentlege myndigheiter for å ivareta samfunnssikkerheit. Forsvarets bistand er i slike tilfelle regulert av Instruks om Forsvarets bistand til politiet. Prinsippa i denne instruksjonen skal leggest til grunn også for bistand til andre enn politiet, f eks ved bistand til kommunalt brann- og redningsvesen.

3. Enkelte av Forsvarets basar har eit samarbeid med kommunen om at Forsvarets brannvern inngår som del av den lokale brannberedskapen. To eksempel er Forsvarets brannvern ved Ørland hovudflystasjon og Bardufoss flystasjon.

Ved storbrannane i Lærdal, Flatanger og Frøya i år, deltok Forsvaret med bl a Bell helikopter, heimevernsstyrkar, kystvaktfartøy, militært brannvern og sambandspersonell. Til og med F-16 blei tatt i bruk for å få oversikt over brannområdet. Lokale brannmyndigheiter uttalte at innsatsen frå helikoptera var avgjerande for å få kontroll. Det kan også nemnast at Forsvaret var ein av dei viktigaste aktørane ved den store skogbrannen i Froland i 2008, og deltok med bl a helikopter og 5-600 heimeverns-soldatar. Omfanget av Forsvarets innsats ved denne brannen kan illustrerast ved at den medførte militære meirutgifter på 8 millionar kroner.

I rapporten blir det skissert tre modellar for framtidig organisering av brann- og redningsvesenet. Arbeidsgruppa vurderer desse opp mot visse kriterier, og med omsyn til både førebygging og beredskap/handtering. Vi meiner det er særleg ved beredskap/handtering at Forsvaret har ei rolle. Utan å peike på ein bestemt modell som den beste for Forsvarets deltaking ved brann og redning, kan vi generelt seie at det innan brann- og redningsarbeid er viktig med tydeleg styring og koordinering og einskapleg og effektiv leiing. Dette vil også bidra til effektivt og velfungerande sivilt-militært samarbeid både i samband med førespurnader til Forsvaret om støtte og ved gjennomføring av innsats. Sivile myndigheiter bør ha god kjennskap til kva Forsvaret kan bidra med og til prosedyrane for å be om støtte frå Forsvaret, samt forståing for Forsvarets rolle i forhold til den sivile beredskapen.

Avslutningsvis gjer vi merksam på at rapporten frå arbeidsgruppa er unøyaktig når den på side 13 viser til at NOU 2013:5 *Når det virkelig gjelder* (dvs rapporten frå utvalet som vurderte organiseringa av Sivilforsvaret, Heimevernet og politireserven) seier at «*En sammenslåing av Sivilforsvaret og Heimevernet ansees ikke som mulig, ut fra et folkerettslig ståsted.*». Dette er ikkje riktig, og vi viser til NOU 2013:5 der det på side 9 framgår at «*Folkerettslige betraktninger tilsier at en sammenslåing av Heimevernet og Sivilforsvaret er mulig (...). Utvalgets vurdering er imidlertid at Heimevernet og Sivilforsvaret har så grunnleggende ulike primærfunksjoner at en slik sammenslåing ikke er hensiktsmessig.*»

Med helsing



Henning Vaglum (e.f.)
ekspedisjonssjef



Tonje Skinnarland
oberst

Kopi: Forsvarsstaben v/Operasjonsavdelinga